

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 16.02.18

FRÅ: Administrerende direktør

SAKSHANDSAMAR: Ingebjørg Kismul

SAKA GJELD: Besvarte høringar i perioden 20.12.17 – 16.02.18

STYRESAK: 10/18

STYREMØTE: 07.03.18

Administrerende direktør si orientering pkt.3

1 vedlegg

FRÅ	SAKA GJELD	HØYRINGSFRIST
Helse Vest 17/3482	Høring – Forslag om ny opplæringsmodell for ambulanséfaget	Høringsfrist 14.02.18

Helse Vest RHF
Postboks 303, Forus
4066 Stavanger

Att. Holsen, Gina Beate

Dykkar ref:	Vår ref: 2017/3482 - 6001/2018	Sakshandsamar: Anne Hilde Bjøntegård tlf 52732035	Dato: 14.02.2018
--------------------	--	---	----------------------------

Høring - forslag om ny opplæringsmodell for ambulanséfaget

Viser til høring om ny opplæringsmodell i ambulanséfaget.

Helse Fonna støtter ei utviding av grunnutdanning i ambulanséfag frå fire til fem år. Utvikling i faget og omsyn til krav i akuttmedisinforskrifta taler for ei slik utviding.

Vi ser likevel utfordringar med den føreslagne 2+3 modellen. Denne legg opp til to år i vidaregåande skule kor første år er VG1 helse – og oppvekstfag og andre år er VG2 helsearbeidarfag. Deretter tilsetning i helseføretak og tre år læretid, det tredje året i verdiskapande arbeid. Dagens ordning med VG2 ambulanséfag fell dermed ut.

Konsekvens av denne modellen vil vere at føretaka tilset unge lærlingar som vil bli ambulansearbeidarar – utan at desse har hatt verken teori eller praksisopplæring for yrket. Yrkesval er vanskeleg for dei unge, og me meiner at 2+3 modellen vil gje ein risiko for at føretaka sit att med unge arbeidstakarar som har vald feil eller ikkje fungerer i yrket. Me meiner difor at VG3 bør vere eit skuleår med innslag av praksis, slik at elevane har fått teoretisk kunnskap til yrket og prøvd det i praksis før dei blir tilsett i føretaka som lærlingar.

I modellen ligg at føretaka skal dekke førarkortutgiftene til elevane. Dette vil auke kostnadene til opplæring. Tre år i lære og fleire læringar inne samstundes vil òg auke dei administrative kostnadene til tilrettelegging og organisering. Vi føreset at lærlingtilskotet aukar ved innføring av ny modell – uansett om det blir 2+3 modell eller 3+2 modell

Helse Fonna foreslår at det bør gjennomførast pilot før endring av utdanningsmodell. Gjerne ein pilot i sentralt strok og ein i desentralt strok.

Vennleg helsing
Helse Fonna HF

Olav Klausen
Administrerande direktør